

Retningslinjer for opphaldsbetaling i institusjon



Utarbeidet av Eining for Helse og omsorg 01.05.25

1 - Virkeområde	3
2 - Målsetting	3
3 - Rutiner ved beregning m.v.	4
3.1 Innhenting av opplysninger.....	4
3.2 Friperioder m.v.	4
3.3 Utrekning av oppholdsbetaling	4
3.3.1. Inntekter	5
3.3.2. Fradrag	6
3.3.3 Til beboers egen disposisjon	8
3.3.4 Vederlaget - forhånds beregning	8
3.4 Klage på vedtaket	8
3.5 Nye vedtak og Etteroppgjør	8
3.6 Tjenester som dekkes av vederlaget.....	10
3.7 Opphør av institusjonsoppholdet	10
3.8. Maksimal- og minimumspriser	12
4 - Sammendrag	12

1 - Verkeområde

Personar med opphold i institusjon og som betaler vederlag etter forskrift 26. april 1995 nr. 392 om vederlag for opphold i institusjon m.v. fastsatt av Sosial- og helsedepartementet med hjemmel i lov 19. november 1982 nr. 66 om helsetjenesta i kommunane § 2-3 og § 6-9 og lov 13. desember 1991 nr. 81 om sosiale tenester § 11-2.

Det kan likevel ikkje krevjast eigenandel for:

- a. korttidsopphald som i hovudsak blir gitt for å avlaste pårørende i omsorgsoppgåvane deira
- b. døgnplassar som kommunen oppretter for å sørgje for tilbod om døgnopphald for øyeblikkeleg hjelp.

I denne forskrifta meiner ein med

- a. *korttidsopphald*: Tidsavgrensa opphald i institusjon gitt som døgnopphald, dagopphald eller nattopphald.
- b. *langtidsopphald*: Opphald i institusjon på ubestemt tid eller tidsavgrensa opphald når vedkommande har vore på institusjon i minst 60 døgn pr. kalenderår.

Grunnlag:

- Forskrift om vederlag for opphald i institusjon m.v.” fastsett av Sosial- og helsedepartementet 26.april 1995.
- Lov 1982-11-19 nr 66: Lov om helsetjenesten i kommunane.
- Rundskriv frå Statens helsetilsyn IK-25/96
- Rundskriv frå Helse- og omsorgsdepartementet I-46/97
- Rundskriv frå Helse- og omsorgsdepartementet I-47/98
- Rundskriv frå Helse- og omsorgsdepartementet I-1/2009
- Handbok;” Betaling for beboere i institusjon” av Åsmund Edvardsen og Leif Kåre Helland. 5.utgåve 2020

2 - Målsetjing

Det blir ofte gjort vedtak innan helse- og omsorgsområdet overfor privatpersonar som kan vere ute av stand til å vurdere vedtaket som blir gjort. Dette er ei av grunnane til at talet på klagesaker innen vederlagsutrekning er låg. Dette krev at kommunen har høg grad av nøyaktigheit i sakshandsaminga, og system og rutiner som på best mogleg måte tek vare på intensjonane i forskrifta.

3 - Rutiner ved utrekning m.m.

3.1 Innhenting av opplysningar

Kommunen tek imot søknad om langtidsplass, og det blir fatta vedtak om langtidsopphald på Byglandsheimen. Sakshandsamar sender vedtaket til bebruar og /eller pårørande saman med skjema «Orientering om inntektsforhold» og Samtykke til innhenting av opplysningar.

Frist for returnering frå søkjar er tre veker etter at vedtaket er sendt. Dersom kommunen ikkje har motteke skjemaet i retur innan fristen, blir det gjort ei utrekning basert på opplysningar frå NAV og skattemelding frå førre år.

Korttidsopphald:

Kommunen kan krevje betaling pr. døgn for korttidsopphald og for kvart enkelte dag- eller nattopphald. Dette kan kommunen fakturere frå første oppholdsdag. Når beboer har vore på institusjon i meir enn 60 døgn i eit kalenderår, vil kommunen krevje eigenandel etter § 6 tredje ledd i vederlagsforskrifta. Denne føresegna slår fast at kommunen kan krevje vederlag etter §3 i vederlagsforskrifta for disse personane.

Avlastning:

Avlastning er i § 1 angitt i forskrifta definert som korttidsopphald som hovudsak blir gitt for å avlaste pårørande i omsorgsoppgåvene deira. Avlastning er ei gratis teneste.

3.2 Friperioder m.m

Ved korttidsopphald: Dersom ein bebruar får tilbod om korttidsopphald, blir det kravd døgnpris i samsvar med § 4 i forskrift om vederlag for opphald i institusjon m.m. for dei første 60 dagane i kalenderåret.

Frå og med dag 61 skal det reknast vederlag som ved langtidsopphald for resten av det inneverande kalenderåret. Friperioden fell då bort.

Ved nytt kalenderår blir det på nytt kravd døgnpris etter § 4 for dei første 60 dagane ved korttidsopphald.

Betaling skal skje frå og med første oppholdsdag til og med den dagen opphaldet blir avslutta. Dei 60 dagane treng ikkje vere samanhengande, men må vere innanfor same kalenderår.

Ved langtidsopphold; Ein bebruar har krav på ein **frimånad**, det vil seie at ein søkjar som får tilbod om langtidsopphald, har krav på ein friperiode på ein kalendermånad etter innlegging.

Unntak frå hovudregelen gjeld dersom bebuaren går over frå korttidsopphald til langtidsopphald, og samla har hatt 60 døgn eller meir på institusjon i løpet av kalenderåret. Kommunen kan då krevje betaling frå første dag av langtidsopphaldet.

Det same unntaket gjeld ved direkte flytting frå ein annan institusjon eller frå privat forpleiing. Då skal opphaldstida i den andre institusjonen eller ordninga også reknast med.

Med **annan institusjon** meiner ein private eller kommunale institusjonar, sjukeheimar, aldersheimar eller buformer/bustader med heildøgns omsorg og pleie.

3.3 Utrekning av oppholdsbetaling

Når alle inntektsopplysningane er mottekne, kan kommunen rekne ut betalinga for opphaldet. For ektefellar blir skatteoppgjer og inntekter frå NAV for begge partar kontrollerte, og kommunen legg til grunn at inntekter og gjeld er felles. Dersom dette ikke er tilfelle, må kommunen får melding om dette.

- Vedtak om vederlag blir fatta og sendt til bebuaren og/eller næraste pårørande
- Elektronisk melding blir sendt til NAV, som trekkjer vederlaget direkte frå trygdeytningane, eller til kommunen som fakturerer delar av eller heile vederlaget.

3.3.1. Inntekter

a) Folketrygdytingar: Alle inntekter frå folketrygda skal reknast med, mellom anna ; grunnpensjon, tilleggspensjon, særtillegg, etterlattepensjon og andre ytingar frå folketrygda.

b) Andre pensjoner: Alle inntekter frå Statens pensjonskasse og kommunale pensjonskassar, sjølv om utbetalinga skjer gjennom NAV. Private pensjoner skal òg takast med. Fordelinga mellom folketrygdytingar og andre pensjonar er viktig i dei tilfella der bebuaren skal ha forsørgjarfrådrag.

c) Andre inntekter: Utenlandske pensjoner og annan inntekt frå utlandet skal reknest med.

d) Inntekter av formue: Bygland kommune gir ikkje fradrag for personar som sit i uskifta bu.

Renteinntekter skal takast med i utrekninga.

Sal av bustad blir rekna som realisering av formue og skal ikkje reknast som inntekt. Inntekter frå aksjar har ei særskild behandling. Utbyte frå aksjar blir rekna som inntekt, medan gevinst ved sal av aksjar ikkje blir rekna som inntekt, sidan dette blir vurdert som realisering av formue. Renter av realisert formue blir derimot rekna som inntekt.

3.3.2. Frådrag

a) Skatt

Bebuarar vil ofte oppgje skatt på grunnlag av skattemeldinga frå førre år. Det er ein fordel å kontrollere dette mot det løpande skattetrekket som NAV gjennomfører.

Merk: For bebuarar som betaler skatt, blir trekket frå NAV endra i desember. Dette kjem av at desember er ein skattefri månad. Elles må ein be om at utligna skatt går fram av skatteoppgjeret, slik at utrekningsgrunnlaget blir berekna på same grunnlag. Ved etteroppgjer blir det gitt frådrag for utligna skatt.

b) Gjeldsrenter

Alle typar gjeldsrenter skal takast med i utrekninga, ikkje berre renter knytte til bustad.

c) Verdipapirfond

Tap ved realisering av delar i verdipapirfond skal ikkje takast med i utrekninga.

d) Forsørgerfradrag

Når ektepar bur heime, er pensjonane deira samordna slik at dei samla får lågare pensjon enn to einslege pensjonistar. Når ein eller begge flyttar til institusjon, blir begge rekna som einslege av NAV, noko som vanlegvis fører til auka pensjon.

Sakshandsamar melder frå til NAV om langtidsopphald slik at pensjonen blir registrert korrekt.

Målet med forsørgjarfrådraget er at den som blir buande heime ikkje skal kome dårlegare ut økonomisk enn ein ville gjort som enkje eller enkjemann. Kommunen bereknar og gir frådrag for ein **tenkt etterlatnepensjon** i dei tilfella der den heimebuande ville fått auka pensjon dersom bebuaren i institusjon hadde vore død.

e) Frådrag for buutgifter

Frådrag blir gitt etter ei konkret vurdering basert på dokumenterte økonomiske forhold.

Frådrag for buutgifter for bebuar med heimebuande ektefelle

Ved korttidsopphald utover 60 døgn og ved tildeling av langtidsplass blir det ikkje gitt frådrag for buutgifter. Frådrag blir då berre gitt i form av frådrag for tenkt etterlatnepensjon.

Frådrag for buutgifter for bebuar utan heimebuande ektefelle:

Ved korttidsopphald utover 60 døgn og ved tildeling av langtidsplass blir det gitt frådrag for dokumenterte buutgifter.

Frådrag for buutgifter blir berre gitt i ein avviklingsperiode på inntil seks månader frå den dagen bebuaren byrjar å betale for institusjonsplassen.

Bygland kommune gir frådrag på **85 %** av faste og dokumenterte buutgifter. Dette gjeld utgifter som husleige, forsikring, straum og kommunale avgifter. Frådraget fell bort dersom eigedomen blir seld, leigd ut eller på annan måte ikkje lenger medfører buutgifter for bebuaren. Ved særleg tungtvegande grunnar kan det innvilgast **100 % frådrag** for buutgiftene.



Frådrag for buutgifter når bebuaren leiger bustad

Dersom bebuaren leiger bustad, kan det givast frådrag for buutgifter i oppseiingstida, men maksimalt i tre månader frå første opphaldsdag ved langtidsopphald. Det er ein føresetnad at bustaden ikkje blir disponert av andre.

Det blir ikkje gitt frådrag til personar som bur på kår.

Dersom bebuaren leiger bustad av nær familie, skal det leggjast fram kontoutskrift frå banken som dokumenterer overføring av husleige for den omsøkte perioden.

Det blir ikkje gitt frådrag for buutgifter i den perioden bebuaren betaler døgnats ved korttidsopphald.

Andre frådrag

1. Bygland kommune gir per i dag ikkje frådrag for personar som sit i uskifta bu.
2. Frådrag blir ikkje gitt i den perioden det blir betalt 205 kroner per døgn (dei første 60 døgna ved korttidsopphald).
3. Det blir ikkje gitt frådrag for utgifter til fritidsbustad, då dette ikkje blir rekna som nødvendig buutgift.
4. Dersom bebuaren eller pårørande vel å behalde bustaden utan å selje han, blir det ikkje gitt frådrag for buutgifter. Løpande utgifter til bustaden må då dekkjast av bebuaren sjølv.

3.3.3 Til bebuar sin eigen disposisjon

Det beløpet som står att etter at kommunen har trekt eigenandel, blir gjerne kalla kontantytting. Pengane skal nyttast til personleg forbruk, som ikkje blir dekt gjennom eigenandel for opphald.

Beløpet som bebuaren har til fri disposisjon, blir rekna ut slik:

- 25 % av folketrygda sitt grunnbeløp (G)
- 75 % av fribeløpet
- 15 % av inntekt utover grunnbeløpet

Unntak: Personar som mottek krigspensjon eller krigsenkjepensjon, er garanterte å behalde 37 % av full krigspensjon etter frådrag for skatt.

3.3.4 Vederlaget – førebels berekning

Berekningsgrunnlaget – lommepengar = VEDERLAGET

NAV Pensjon trekkjer kvar månad eigendel frå trygd eller pensjon og overfører beløpet direkte til Bygland kommune. Nokre bebuarar vil i tillegg få faktura frå kommunen. Denne blir sendt direkte til bebuaren og kan gjelde eigendel knytt til utbetaling frå andre pensjonsordningar, renteinntekter eller liknande. Det blir tilrådd å opprette avtalegiro.

Vederlag for delar av året

Ved innflytting: Når ektepar, eller den eine ektefellen, flyttar til institusjon, vil inntekta ofte auke. Kommunen nyttar likevel årsbeløp som blir fordelte på tolv månader ved berekninga. Dette blir gjort til fordel for bebuaren.

Ved dødsfall: Ved dødsfall skal det betalast vederlag til og med dødsdagen.

Det er viktig at eventuell for mykje innbetalt eller trekt betaling i døds månaden blir tilbakebetalt. Dette blir samordna med det endelege etteroppgjeret. Ved dødsfall sender kommunen brev til etterlatne eller dødsbuet med informasjon om at etterberekning vil bli gjennomført så snart førebels skatteoppgjer eller endeleg skatteoppgjer ligg føre. Dette er dokument som kommunen ikkje har tilgang til å innhente på eiga hand. Etteroppgjer blir difor ikkje gjennomført før all relevant informasjon for dødsåret ligg føre.

3.4 Klage på vedtaket

Ei eventuell klage med grunngjeving skal sendast til sakshandsamaren som har fatta vedtaket. Klagefristen er tre veker frå den dagen vedtaket blei sendt.

Statsforvaltaren er klageinstans. Klaga blir sendt skriftleg av sakshandsamaren med utfyllande informasjon om saksgangen.

Vedtaket kan klagast på av:

- bebuaren sjølv
- næraste pårørande på vegner av bebuaren
- verje

3.5 Nye vedtak og etteroppgjer

Nye vedtak dersom:

Det skal fattast nytt vedtak dersom:

- kommunen får informasjon om at den økonomiske situasjonen til bebuaren endrar seg vesentleg, til dømes ved reduserte renteinntekter, auka trygdesatsar, endra skatt eller liknande
- tidlegare vedtak viser seg å vere baserte på uriktige opplysningar
- skatteoppgjeret for føregåande år viser at vederlaget ikkje er korrekt berekna
- den heimebuande ektefellen òg flyttar inn i institusjon. Det må då gjerast ny berekning for bebuaren som tidlegare fekk forsørgjarfrådrag. Dette frådraget skal då falle bort.

Etteroppgjer:

Vederlagsutrekninga blir basert på nettoårsinntekta (inntekt minus skatt og gjeldsrenter).

Sidan kommunen krev løpande vederlag, må inntekta for året førehandsstipulerast ut frå det ein meiner vil gi korrekt vederlag basert på den økonomiske situasjonen til bebuaren. Det er først når skatteoppgjeret for det aktuelle året ligg føre at den rette nettoinntekta kan fastsetjast.

Fordi pensjon, renteinntekter, skatt og andre økonomiske forhold kan endre seg gjennom året, er det stor risiko for at det førehandsstipulerte berekningsgrunnlaget ikkje blir heilt korrekt.

Etterberekning skal gjennomførast så snart som mogleg etter at skatteoppgjeret ligg føre, vanlegvis i perioden frå slutten av juni til november.

Ved dødsfall skal sakshandsamaren gjennomføre etteroppgjer så snart kommunen mottek førebels skatteoppgjer frå etterlatne eller dødsbuet.

Ved etterberekninga blir det nytta eit gjennomsnittleg grunnbeløp i folketrygda (G) for den aktuelle perioden.

Dersom kontrollberekninga viser at vederlaget skulle vore lågare enn det som er betalt, skal kommunen betale tilbake det overskytande beløpet til bebuaren.

Dersom kontrollberekninga viser at vederlaget skulle vore høgare enn det som er betalt, vil kommunen krevje etterbetaling.

Opplysningar som må innhenta før etteroppgjer

Før etteroppgjer kan gjennomførast, skal følgjande opplysningar innhenta:

- kopi av skatteoppgjeret med utligna skatt frå Skatteetaten
- utskrift av utbetalingsdetaljar per desember for å summere samla trekk av vederlag frå trygda
- oversikt over samla vederlag fakturert direkte frå kommunen
- oversikt over gjennomsnittleg grunnbeløp (G)
- oversikt over andre endringar i økonomien til bebuaren som bebuaren sjølv eller andre har meldt frå om

Grunnlag for etterberekning

Etterberekninga byggjer på følgjande element:

- aktuell inntekt slik denne går fram av skattemeldinga
- faktisk utligna skatt slik denne går fram av skatteoppgjeret
- vederlag som bebuaren har betalt, både gjennom trekk frå folketrygda og gjennom kommunale fakturaer
- ved etteroppgjer for delar av eit år der bebuaren ikkje har hatt inntekt heile året, blir gjennomsnittleg grunnbeløp nytta for den perioden bebuaren har hatt inntekt
- dersom bebuaren har hatt inntekt heile året, men ikkje betalingsplikt heile året, blir gjennomsnittleg grunnbeløp for heile året nytta, og deretter avrekna for den perioden vedkomande har hatt betalingsplikt.

3.6 Tenester som blir dekte av vederlaget

I § 7 i forskrifta heiter det at:

«Vederlaget skal omfatte kost, losji, nødvendig tannbehandling, medisinar m.m. samt helsetenester som kommunen organiserer etter lov om helsetenesta i kommunen § 1-3 andre ledd.»

I fråsegrer frå Helsetilsynet om § 7 går det vidare fram at sidan føreseigna ikkje er uttømmende, må kommunen konkret vurdere kva andre ytingar som eventuelt skal vere omfatta av vederlaget. Vurderinga av kva ytingar dette gjeld, kan variere mellom ulike grupper av bebuarar. Sjå rundskriv IK-25/96 frå Statens helsetilsyn.

Følgjande tenester inngår i vederlaget

Lovpålagde helsetenester

Spesialisttenester

Ergoterapi

Utgifter til medisinar

Tannhelsetenester

Nødvendige reiseutgifter til og frå institusjonen

Kost og losji, inkludert hygieneartiklar som såpe, sjampo, tannkrem, tannbørste og liknande

Vask og stryking av klede

Vanlege reparasjonar av klede som kan utførast ved institusjonen

Påsynging av namnelappar

Følgjande tenester inngår ikkje i vederlaget

Fotpleie og frisørtenester

Hudpleieprodukt for personleg velvære

Batteri til høyreapparat og kjøp/forsikring av høyreapparat

Kjøp og reparasjon av briller

Tap av tannprotese

Mobiltelefon, fasttelefon, avisabonnement, PC og TV-apparat

Brukaren har sjølv ansvar for innkjøp av klede og sko.

Pårørande blir oppmoda om å vaske finare klede som krev særskild behandling.

3.7 Opphøyr av institusjonsopphaldet

Når ein person dør, skal det krevjast betaling til og med dødsdagen.

Det er viktig at eventuell for mykje innbetalt eller trekt betaling i døds månaden blir tilbakebetalt. Dette blir samordna med det endelege etteroppgjeret.

Ved dødsfall kan dødsbuet be om førebels skatteoppgjer frå Skatteetaten og sende dette til kommunen. Kommunen skal på førehand varsle etterlatne eller dødsbuet om at etterberekning vil bli gjennomført så snart førebels eller endeleg skatteoppgjer ligg føre.

Ved etterberekning for delar av eit år der bebuaren ikkje har hatt inntekt heile året, blir gjennomsnittleg grunnbeløp i folketrygda nytta for den perioden bebuaren har hatt inntekt.

Dersom bebuaren har hatt inntekt heile året, men ikkje betalingsplikt heile året, blir gjennomsnittleg grunnbeløp for heile året nytta, og deretter avrekna for den perioden vedkomande har hatt betalingsplikt.

3.8. Maksimal- og minimumssatsar

Bygland kommune nyttar dei maksimalprisane som Helse- og omsorgsdepartementet har fastsett for korttidsopphald på institusjon inntil 60 dagar per kalenderår.

For korttidsopphald på institusjon skal det betalast **205 kroner per døgn (2026)**.

Dersom bebuaren blir verande på korttidsopphald utover 60 døgn i løpet av kalenderåret, skal betaling krevjast etter reglane i vederlagsforskrifta.

Som hovudregel skal betalinga ikkje overstige kostnaden ved å drive ein institusjonsplass. Dette blir kalla **kurdøgnprisen**.

Regelen om kurdøgnpris som maksimal sats inneber i praksis svært sjeldan ei avgrensing i vederlagsutrekninga. Kurdøgnprisen blir rekna ut på grunnlag av budsjetterte brutto driftsutgifter minus brutto driftsinntekter. Innbetalingar frå bebuarane blir ikkje rekna med.

Bygland kommune sin maksimalpris for langtidsopphald er kr 40 000 per måned per 01.01.2025.

4 - Samandrag

Når Når regelverket opnar for bruk av skjønn, skal sakshandsamar nytte dette i samråd med administrasjonen eller i tråd med delegert mynde.

For å sikre lik saksbehandling skal følgjande verkemiddel nyttast:

- Alle bebuarar skal få eige vedtak om vederlagsutrekning så snart som mogleg etter innflytting. Dette føreset at sakshandsamaren har innhenta dei opplysningane som er nødvendige for å rekne ut vederlaget.
- Ved vesentlege endringar som sakshandsamaren får melding om, skal det fattast nytt vedtak. Nytt forskotstrekk ved årsskiftet eller nytt grunnbeløp i mai blir ikkje rekna som vesentlege endringar.
- Alle bebuarar skal få gjennomført etterberekning så snart som mogleg etter at skatteoppgjeret ligg føre.
- Ved dødsfall bør etterberekning gjennomførast så snart det er praktisk mogleg, eventuelt på grunnlag av førebels skatteoppgjer.

Anna praktisk informasjon

NAV

Omrekning av pensjon for ektefellar og sambuarar ved langtidsopphald

Ektefellar og sambuarar har redusert grunnpensjon (90 %). Når den eine får langtidsopphald i institusjon, skal begge reknast om til einslege frå den første dagen i månaden etter innflytting. Dette inneber at begge får auka pensjon frå NAV. Tildelingskontoret sender melding til NAV om omrekning av pensjonane.

Melding om ny adresse ved langtidsopphald

Alle som flyttar i Noreg har plikt til å melde flytting innan åtte dagar etter flyttinga, jf. folkeregisterlova § 7. Flyttemelding kan sendast elektronisk på Skatteetaten sine nettsider eller på skjemaet «**Flyttemelding**».

Hovudregelen er at ein skal vere registrert som busett der ein vanlegvis søv. Dersom ein er gift, blir ein rekna som busett der ektefellane har eller hadde felles heim.

Grunnstønad og hjelpestønad frå NAV

Både grunnstønad og hjelpestønad fell bort ved langtidsopphald i institusjon. For å melde frå om opphøyr eller ved spørsmål kan ein kontakte NAV.

Bustøtte frå Husbanken

Kommunal og statleg bustøtte fell bort ved langtidsopphald i institusjon.

For å melde frå om opphøyr eller ved spørsmål kan ein kontakte Husbanken eller kommunen.

Vedlegg:

Frdrag for boutgifter ved langtidsopphold eller korttidsopphold over 60 døgn

Kriterier:

1. For enslige kan det gis frdrag på 85% for dokumenterte boutgifter i 6 måneder:
 - a. Strøm
 - b. Forsikring av bolig og innbo
 - c. Husleie/fellesutgifter
 - d. Kommunale avgifter
2. Det gis frdrag for gjeldsrenter på lån som er tatt opp før tildelt langtidsplass. For beboer som har hjemmeboende ektefelle/samboer* (*som har budd sammen minst 12 av 18 siste måneder), gis det 50% frdrag for gjeldsrenter. Dette gjelder også de som har hatt korttidsopphold over 60 døgn pr år.
3. Det gis ikke frdrag for utgifter tilknyttet fritidsbolig eller bolig som inngår i en kårboligavtale
4. Det gis fratrekk for boutgifter når korttidsoppholdet overstiger 60 døgn pr kalenderår
5. Det må fremlegges dokumentasjon på alle beløp som kan medføre fratrekk i beregningsgrunnlaget for vederlag på institusjon.

Søknad om frdrag for boutgifter

	Beløp,- pr år	Merknad (ref pkt 6 i tekst over)
Strøm- gjelder nettleie (ikke bruk)		Ikke vedlegg
Forsikring av bolig		Vedlegg nr
Kommunale avgifter		Vedlegg nr
Husleie/fellesutgifter		Vedlegg nr
Sum årlige utgifter		

Sted/Dato

Underskrift